



Breie fine vegbaner, rundkøyningar og ein tunell er noko av det ein kan finne i lokala til RC Lastebil Sykkylven.

Suksess for RC-klubben

Mellom tre- og firehundre personar var fredag og laurdag innom gamlefabrikken til Velledalen Møbler i Velledalen. Alle som ein kom for å få med seg opninga av RC Lastebil Sykkylven sine nye klub-blokaler.

Av Arild Leikanger Aure

RC Lastebil Sykkylven har leigd om lag 600 kvadratmeter i fabrikkbygget som tidlegare husa Velledalen Møbler i Velledalen. Eit imponerende arbeid er lagt ned for å bygge opp eit scenario som skal vere mest mogleg realistisk, til dei radiostyrte lastebilane. Her finn ein breie og fine vegbaner, tunnellar og rundkøyningar. Fleire sand- og grustak er det funne plass til, store terminalområder for lastebilane finn ein, vektstasjon og eit lite bymiljø. I tillegg har dei laga plass til ei elv med rennande vatn. Kor mange arbeidstimar dei har lagt ned for å få til desse "kulissane" er det ingen som veit.

Populært

At denne hobbyen er populær, er det ingen som helst tvil om. Mellom tre- og firehundre personar var innom for å få eit lite innblikk i denne fantastiske hobbyen, og karane i RC Lastebil Sykkylven

hadde sine fulle hyrer med å forklare og fortelje om dei ulike doningane. I tillegg til eigne bilar, hadde også Måløy RC klubb teke turen til Velledalen, og også dei hadde med seg mange flotte bilar, traktorar og gravemaskiner.

Ein kunne endåtil få prøve seg som lastebilsjåfør sjølv, om ein hadde lyst. RC Lastebil Sykkylven har bygde ein eigen "leigebil" som ein kan låne, for å sjå om denne hobbyen er noko ein vil satse på. Denne bilen var flittig i bruk heile helga.

Fornøgd

Det store frammøtet, og dei positive tilbakemeldingane som karane i RC Lastebil Sykkylven fekk etter helgas opne dagar, gjer at dei var veldig godt fornøgd. Dei ser slett ikkje vekk på at medlemstalet vil auke i tida framover, når fleire får augene opp for denne fantastiske hobbyen.



Lastebilane og kulissane er imponerende detaljrike.



Mange skodelystne hadde teke turen til fabrikklokala for å sjå på kva som var bygd opp der gjennom vinteren.